



## Møtedeltakarane

Saksnr  
16/1826-13

Løpenr  
37023/18

Arkivkode  
B41

Avd/Sek/Saksh  
OPP/OPP/TRP

Dykkar ref

## KOMMUNALT FORELDREUTVAL 7.11.18 - REFERAT

Saksnr	Referat møtet 07.11. kl 19.30	Ansvar
21/18	<b>Referat frå møtet 20.09.18</b> <i>Referatet godkjent. Ligg også her: <a href="https://www.klepp.kommune.no/skole-og-barnehage1/skule-og-sfo/medlemmer-kommunalt-fau/">https://www.klepp.kommune.no/skole-og-barnehage1/skule-og-sfo/medlemmer-kommunalt-fau/</a></i>	Møte- leiar
22/18	<b>Lese- og språkglede - foreldremedverknad</b> Jfr sak 19/2018. Ei arbeidsgruppe hadde laga opplegg og foldar til bruk på foreldremøte i skulen. Dette blei presentert, og KFU gjorde slikt vedtak: <i>"Kommunalt FAU tek saka med til alle barnehagar og skular. FAU gjennomfører aktivitetar for å auka leseglede."</i> Eige skriv med opplegget og tips blei så sendt alle FAU'a ved skulane.  På møtet 7.11. ligg det dermed godt til rette for å dela både planar og aktivitetar som skal skje framover, og også dela erfaringar for dei som har kome i gang. <i>Dei nye brosjyrane «Det var ein gong» blei delt ut til FAU. Det blei presisert frå foreldre at tilsette og leiarar i barnehage og skule kan vera tydelegare på kva foreldra betyr for lesing. Vi vil halda tak i dette på møta der vi delar erfaringar.</i>	Jan Harald Forsmo
23/18	<b>Felles plandagar i barnehage og skule.</b> Info om prosessen. <i>Ei gruppe arbeider med å få til felles plandag for barnehage, SFO, skule. Det har vore kritikk av for dårleg samordning tidlegare. Skuleruta blir lagt på heimesida til kommunen medio november. .</i>	JHF
24/18	<b>Visjon og verdiar i Klepp.</b> Om rådmannen sin plan for å førebu neste kommuneplan med å ha ein prosess kring visjon og verdiar for heile kommunen. <i>FAU vil bli involverte i arbeidet med ny visjon og verdiar.</i>	Trond Roy Pedersen
25/18 Barnehagedel	<b>Barnehagebruksplan</b> Hovudutval for barn og unge utsette barnehagebruksplanen. Denne kjem opp att	Anne-Jorunn Bjørgum Leikvold



	<p>i utvalet 22.11.  Gjennomgang av hovudpunkta frå møtet.  <i>Hovudutv ønska å få tydelegare utgreiing av alternativa og konsekvensane for val av løysing på barnehageutfordringane framover</i></p>	
26/18 Barnehagedel	<p><b>Arbeid med digitale løysingar i barnehagane for barna</b>  -digitale mikroskop  -foto  -på nyåret:IPAD til bruk saman med femåringane  Sjå presentasjon på kommunen si heimeside her: <a href="https://www.klepp.kommune.no/skole-og-barnehage1/skule-og-sfo/medlemmer-kommunalt-fau/">https://www.klepp.kommune.no/skole-og-barnehage1/skule-og-sfo/medlemmer-kommunalt-fau/</a></p>	AJBL
27/18 Skuledel	<p><b>Digital kompetanse</b>  Bruk av showbie – foreldrebruk  På sist møte kom det opp at mellom skulane og internt på skulane var lagt opp til ulik måte å f. eks sjekka lekser på gjennom showbie. Dette kunne vera utfordrande. Informasjon om kor langt me er kome.  <i>Saka vart drøfta. Tu skule har gode erfaringar med å ha tilnærma lik ordning på skulen.</i></p>	JHF
28/18 Skuledel	<p><b>Driftsstyremodell på skulane</b>  <i>Orre skule er i ein prosess om driftsstyre på skulen. Leiar i FAU tek kontakt med skulesjef</i></p>	JHF
29/18 Skuledel	<p><b>Bruk av film i matpausen</b>  Oppdatering.  <i>Vi drøfta saka. Skulen er bevisst på dette med filmbruk i skulen/matpause. Skulesjef følger opp.</i></p>	JHF
<b>Neste møte</b>	7.2.2019	

Klepp kommune, 13.11.2018

Trond Roy Pedersen  
Referent